

## Rapport frå arbeidet i CEN/TC164/WG9/ TG5 – Ca- og Mg-salt til handsaming av drikkevatt

Karl-Jan Erstad

Korssund 2010-04-30  
Rådgivande Agronomar AS

### Introduksjon

Oppdragsgruppe 5 (Ca- og Mg-salt, inkl. CO<sub>2</sub>) under Arbeidsgruppe 9 (Vassverkskjemikalie) hadde sitt 20. møte hos Den tyske kalkforeininga i Köln 21. april 2010. Det var framført 5 ekspertar frå 2 land: Tyskland og Belgia. Underteikna var på veg til møtet, men ved mellomlanding på Gardermoen hadde askeskya steng det tyske luftrommet att, og det enda med retur til Sunnfjord. Møterapporten bygger difor på det offisielle referatet.

Det er i hovudsak den europeiske kalkbransjen som no tilfører ekspertisen til denne vesle gruppa. Det rullerande revisjonsarbeidet for standardane tar mykje tid, i denne perioden ved fullført oppdatering av analysestandarden prEN 12485, og start på eit større arbeid med revisjon av EN 936 – karbondioksid.

Dernest var det gjennomgang av kommentarar frå teknisk høyring på standardar for nye produkt, MgO (magnesiumoksid) og CaCO<sub>3</sub>\*MgCO<sub>3</sub> (dolomitt, rå vare).

Ved godkjenning av møtereferat frå førre arbeidsmøte vart det konstatert at standardane for halvbrent dolomitt (EN 1017) og for kalsiumkarbonat (EN 1018) hadde fått sine nødvendige rettingsblad (*Corrigendum*) frå CEN sentralt.

### Revisjon av EN 936 – CO<sub>2</sub> (karbondioksid)

I den gjeldande standarden er Annex A eit informativt vedlegg med ei lang liste av forureiningar som kan følge med når CO<sub>2</sub> vert fanga direkte inn frå forbrenningsgassar, mens slike følgjegassar ikkje er særleg aktuelle ved nedkjøling til væs-

kefase som er det andre alternativet for framstilling.

No skal denne lista inn i Normativ del, og det krevjast gasspesialistar innan analytisk kjemi, og med kunnskap om framstilling og aktuell bruk av gassen for alkanisering av vatn saman med karbonat. I Europa er det Yara International som har dei fremste fagpersonane. På nytt vert Yara oppmoda om å stille.

## Analysestandarden for kalkprodukt

Analysemetodar for kalkprodukt (prEN 12485) var omsider heilt komplett, og inkluderte også analysemetodane for magnesiumoksid og dolomitt. Han låg pr. april 2010 ferdig i sin nye versjon på engelsk, og kom no i staden for utgåva av 2001. Ny versjon var med dette ferdig på overtid, men det skuldast at ny metodikk for reaktivitet for leska kalk og inkludering av dei nye Mg-rike produkta var varsla og vurdert som heilt nødvendig.

No står det att å fullføre versjonane på dei 2 andre offisielle språka innan CEN – tysk og fransk.

## Resultat av teknisk høyring for magnesiumoksid

Merknadane frå dei ulike medlemslanda til prEN 16004 Magnesiumoksid vart i hovudsak godtatt. Det var likevel ein del diskusjon om det polske framlegget om å gjere gjeldande CLP-reguleringa – det harmoniserte systemet for klassifisering, merking og emballering av stoff og stoffblandingar frå EU. Men MgO hadde alt for lenge sidan vore fritatt frå det første EU-direktivet på området – 67/548 EEC,

EEC sitt Merke- og produktdirektiv av 27.06.1967.

No hadde også MgO vorte vurdert som ein naturleg substans, trass i produksjon ved kalsinering, og fått fritak frå REACH-direktivet som omfattar industrielt framstilte kjemikalie.

Det skal elles minnast om at 67/548 EEC vert avløyst av EU-regulering (EC) nr. 1272/2008, med nye HMT-setningar sett ut livet pr. des. 2010. Nye kodar må leggest inn før CEN-høyring for både nye og reviderte standardar for det som er definert som farlege sambindingar.

Når det galdt krav til totalinnhald av sporelement i MgO, vart grenseverdien for Ni (nikkel) auka frå 5 til 10 mg/kg, mens den tilsvarende for Se (selen) vart sett ned frå 5 til 3 mg/kg.

## Resultat av teknisk høyring for rådolomitt

Merknadane til prEN 16003 Rådolomitt hadde mykje til felles med kommentarane til standarden for MgO. Som eit naturmineral var det ingen særleg grunn til at dette skulle vere omfatta av Direktiv 67/548 EEC. Like så har det også fritak frå REACH-direktivet.

Dolomitt førekjem både som eit mjukt og porøst karbonat, som i Storbritannia og på store delar av Kontinentet, mens det i Norden (Det baltiske grunnfjellskjoldet) gjerne er ein hard og tett mar-mordolomitt. Derfor vart det under fysikalske eigenskapar gitt større variasjonsbreidde for densitet (volumvekt), med eit spenn på 2,2-2,9 g/cm<sup>3</sup> (underkapittel 3.3.2).

Sedimentære, lite omdanna dolomittar

kunne også innehalde ein del meir av silikatiske følgemineral, og akseptert innhald av syreuløyselig øvre grense vart auka frå 2% til 3% (underkapittel 4.3).

## Andre tema kring kjemikalie

Eit heilt nytt tema kom på bordet, nemlig problemet med at drikkevatn framstilt ved avsalting av sjøvatn vert svært mineralfattig.

Dette kan løysast på ein gunstig måte ved at denne type vatn vert reminerali-

sert ved bruk av dolomittvarer. Det vart vedtatt å spørre Arbeidsgruppe 9 til det overordna møtet i Helsinki 10. juni om få tildelt eit arbeidstema for dette, ved standardisering av CaO\*MgO (brentdolomitt).

## Dato og stad for neste TG5-møte

Neste møte i CEN/TC164/WG9/TG5 vart fastsett til **3. november 2010 i Köln.**